



SANDE KOMMUNE  
Rønnebergplassen 17, 6084 Larsnes  
Tlf. 70 02 67 00  
postmottak@sande-mr.kommune.no  
www.sande-mr.kommune.no

## MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret  
Møtestad: Kommunestyresalen, Sande Rådhus, Larsnes  
Dato: 23.05.2018  
Tid: 13:45 – 16.35

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Dag Vaagen	Ordførar	H
Inge-Jonny Hide	Medlem	H
Ivar Slettevoll	Medlem	H
Ruth Hatlebrekke Rekdal	Medlem	H
Arnfinn Hide	Medlem	H
Elisabeth Strand Slettestøl	Medlem	H
Mathias Hogne Gjerde	Medlem	H
Arnlot Muren	Medlem	A
Geir T. Torsvik	Medlem	A
Trond Torset	Medlem	A
Jon Garen	Medlem	A
Camilla Auflem Vik	Medlem	A
Helge Støylen	Varaordførar	TVP
Bjørn Flatøy	Medlem	TVP
Anne-Marte S. Beitveit	Medlem	TVP
Olav Myklebust	Medlem	SP
Kari Grønnevik	Medlem	SP
Marion Flatøy Bringsvor	Medlem	FRP
Kåre Fjørtoft	Medlem	FRP
Einar Ekroll	Medlem	V

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjerstin Sande	Medlem	TVP

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Ove Myklebust	Kjerstin Sande	TVP

Frå administrasjonen møtte:

<u>Namn</u>	<u>Stilling</u>
Oddbjørn Indregård	Fung.rådmann
Tove Cathrine Kvamme	Politisk sekretær
Øystein Johansen	Oppvekst- og kultursjef

Revisor Halldis Moltu møtte til sakene 17/18 og 18/18.

Innkalling og protokoll frå forrige møte vart godkjent utan merknadar.

**Røysteføre: 21**

## SAKLISTE

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
PS 15/18	Skriv og meldingar	
PS 16/18	Årsmelding for kontrollutvalet 2017	2018/361
PS 17/18	Sande kommune - Årsmelding 2017	2017/1513
PS 18/18	Sande kommune - Årsrekneskap 2017	2018/400
PS 19/18	Økonomirapportering 1.kv. 2018	2018/469
PS 20/18	Søknader om fri skuleskyss	2018/471
PS 21/18	Endring av skulestruktur	2018/19
PS 22/18	Budsjettregulering flyktningtenesta - norskopplæring	2018/288
PS 23/18	Presisering av kommunale avgifter for vatn, avløp, slam og feiing	2017/818
PS 24/18	Generell vurdering av utskiftning av alle gamle gatelys i Sande kommune	2018/466
PS 25/18	Utskiftning av gatelys i 2018	2018/465
PS 26/18	Tomteprisar i Haugelia vest	2016/297
PS 27/18	Sandstrand - Larsnesvika	2017/778
	Eventuelt	

**PS 15/18**  
**SKRIV OG MELDINGAR**

**Handsaming i Kommunestyret :**

RS 10/18 Protokoll frå kontrollutvalsmøte 25.04.2018

RS 11/18 Kontrollutvalet Sak 21-18: Oppsummering orienteringsbesøk Gjerdsvika  
Olav Myklebust, leiar i kontrollutvalet orienterte.

RS 12/18 Årsmøtereferat Stiftinga Sunnmøre Museum 2018

RS 13/18 Omstilling Larsnes skule, Team for funksjonshemma: Samandrag av omstillingsarbeid  
2018

**VEDTAK:**

Skriv og meldingar vart samrøystes teke til vitande.

**PS 16/18**  
**ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2017**

**Handsaming i Kommunestyret :**

**Samr. som tilrådinga**

**VEDTAK:**

Kommunestyret tek årsmelding for kontrollutvalet 2017 til vitande.

**PS 17/18**  
**SANDE KOMMUNE - ÅRSMELDING 2017**

**Handsaming i Kommunestyret :**

**Samr. som tilrådinga.**

**VEDTAK:**

Sande kommunestyre godkjenner Sande kommune si årsmelding for 2017 slik den går fram av  
vedlegg.

**PS 18/18**  
**SANDE KOMMUNE - ÅRSREKNESKAP 2017**

**Handsaming i Kommunestyret :**

**Samr. som tilrådinga.**

**VEDTAK:**

1. Sande Kommunestyre godkjenner framlegg til årsrekneskapen for Sande kommune for rekneskapsåret 2017, bestående av drifts-, investerings- og balanserekneskap. Rekneskapen er oppgjort med eit positivt netto driftsresultat på kr 6.314.011,- og med eit rekneskapsmessig mindreforbruk (rekneskapsresultat) på kr 4.493.075,-.

Det akkumulerte underskotet pr 31.12.17 vert med dette slik:

Samla akkumulert underskot frå 2014, 2015, 2016	6.002.805
Avsetning i 2017 til inndekning av akkumulert underskot jf rekneskap 2017	4.114.000
Rest akkumulert underskot pr 31.12.17	1.888.805

2. Sande Kommunestyre vedtek å disponere rekneskapsresultatet på kr 4.493.075 for 2017 slik:

Avsetning til inndekning av rest akkumulert underskot pr 31.12.17.	1.888.805
Avsetning til disposisjonsfond	2.604.270
Kontrollsum	4.493.075

**PS 19/18**  
**ØKONOMIRAPPORTERING 1.KV. 2018**

**Handsaming i Kommunestyret :**

Fung.rådmann Oddbjørn Indregård orienterte.

**Samr. som tilrådinga.**

**VEDTAK:**

Sande kommunestyre tek Økonomirapport 1.kvartal 2018 til vitande.

Sektorane og einingane må fortsette arbeidet med kostnadskontroll for å halde fastsette rammer.

**PS 20/18**  
**SØKNADER OM FRI SKULESKYSS**

**Handsaming i Kommunestyret :**

**Samr. som tilrådinga.**

**VEDTAK:**

1. Det vert sett opp kommunal skyss på strekninga Sandvika – Gursken skule på grunn av farleg/vanskeleg skuleveg.
2. Søknaden om fri kommunal skuleskyss for elev på Kvamsøy vert innvilga pga. vanskeleg skuleveg.
3. Kostnadene med dette er rundt kr 90.000,- som vert å innarbeide i budsjettet.

**PS 21/18**  
**ENDRING AV SKULESTRUKTUR**

**Handsaming i Kommunestyret :**

Utdelt i møtet:

- Skriv frå Sandefisk AS dat. 18.05.2018
- Skriv frå Nina Rusten Sande, dat. 22.05.2018
- Skriv frå LUFSS – Landslaget for nærmiljøskolen, dat. 22.05.2018
- Skriv frå Asbjørn Vorren dat. 22.05.2018
- Underskriftslistar

**Dag Vaagen, H la fram felles utsettingsframlegg på vegne av gruppene H, Tvp, Ap, Sp, Frp, V:**

Sande kommunestyre vedtek å utsetje saka. Det vert ma. vist til innkomne merknader frå næringslivet og andre, også merknadar innkomne etter ordinær høyringsfrist. Kommunestyret ber formannskap/kommuneleiing om å søkje dialog med næringslivet om deira framtidsplanar og om kommunen si rolle som tilretteleggar for utvikling.

Vidare ber kommunestyret om at det vert gjort vurderingar med scenarier for realisering av Sande fastlandssamband, og vurdering av andre relevante kommunikasjonsforhold. Det kan også gjerast vurderingar av andre aktuelle forhold knytt til innkomne merknader.

Saka vert å legge fram til endeleg behandling innan 1. november 2018.

**Det felles utsettingsframlegget vart samrøystes vedteke.**

**VEDTAK:**

Sande kommunestyre vedtek å utsetje saka. Det vert ma. vist til innkomne merknader frå næringslivet og andre, også merknadar innkomne etter ordinær høyringsfrist. Kommunestyret ber formannskap/kommuneleiing om å søkje dialog med næringslivet om deira framtidsplanar og om kommunen si rolle som tilretteleggar for utvikling.

Vidare ber kommunestyret om at det vert gjort vurderingar med scenarier for realisering av Sande fastlandssamband, og vurdering av andre relevante kommunikasjonsforhold. Det kan også gjerast vurderingar av andre aktuelle forhold knytt til innkomne merknader.

Saka vert å legge fram til endeleg behandling innan 1. november 2018.

**PS 22/18****BUDSJETTREGULERING FLYKTINGTENESTA - NORSKOPPLÆRING****Handsaming i Kommunestyret :****Samr. som tilrådinga****VEDTAK:**

For å kunne imøtekomme lovkrav om tilstrekkelig timar norskopplæring for flyktingar i introduksjonsprogram vil vi auke ressurs på vaksenopplæringa med 250.000 kr. Midlane vert overført frå sentraladministrasjonen v/servicekontoret sitt budsjett som vist nedanfor:

*Budsjettkorrigerering flyktingtenesta*

Frå

Konto	Ansvar	Prosjekt	
14700 Overføringar frå andre	1313	13570	-250 000

Til

Konto	Ansvar	Prosjekt	
10100 Fast løn	2543	13570	250 000

**PS 23/18****PREISERING AV KOMMUNALE AVGIFTER FOR VATN, AVLØP, SLAM OG FEIING****Handsaming i Kommunestyret :****Samr. som tilrådinga****VEDTAK:**

Sande kommunestyre vedtek kommunale avgifter for vatn, avløp, slam og feiing slik dei ligg føre i vedlegg til saka.

**PS 24/18****GENERELL VURDERING AV UTSKIFTNING AV ALLE GAMLE GATELYS I SANDE KOMMUNE****Handsaming i Kommunestyret :****Samr. som tilrådinga****VEDTAK:**

Sande kommunestyre vedtek å gjennomføre utskiftning av gamle gatelys (HQL og NAV) innan ei tidsperiode på 3 år med oppstart i 2019.

Gatelys langs kommunevegar skal ha prioritet i utskiftninga

**PS 25/18**  
**UTSKIFTNING AV GATELYS I 2018**

**Handsaming i Kommunestyret :**

**Samr. som tilrådinga.**

**VEDTAK:**

Sande kommunestyre vedtek å nytte avsette investeringsmidler for 2018 til å etablere/fornye gatelys i Sande kommune slik det går fram av saksutgreiinga.

**PS 26/18**  
**TOMTEPRISAR I HAUGELIA VEST**

**Handsaming i Kommunestyret :**

- Arnljot Muren fekk habiliteten sin vurdert, og gjekk ifrå under handsaminga av habilitetsspørsmålet. **20 røysteføre.**
- Arnljot Muren vart erklært inhabil med 17 røyster, 3 røysta imot (Sp, 1 frå Tvp)

**Samr. som tilrådinga.**

**TILRÅDING:**

Sande kommunestyre vedtek at rettleiande tomteprisar for tomtene i Haugelia Vest skal fastsettast i samsvar med vedlagt takstgrunnlag frå Ose Ingeniørkontor A/S .  
Endringar vert gjort gjeldande frå 1.1.2019.

- Arnljot Muren tok sete att. **21 røysteføre**



**PS 27/18**  
**SANDSTRAND - LARSNESVIKA**

**Handsaming i Kommunestyret :**

- Anne-Marte S. Beitveit og Helge Støylen, begge deleigarar i AMBU ba om å få habiliteten vurdert. **19 røysteføre.**  
Begge vart erklært habile, og tok sete att. **21 røysteføre.**

**Samr. som tilrådinga.**

**VEDTAK:**

Sande kommune tek imot tilbodet frå Einar Haugen m/fleire om ferdigstilling av sandstrand i Larsnesvika i henhold til tidlegare sak (2017/778) og skriv datert 30.06.2017.

Gjestebygger og Ambulansekai-brygge i Larsnesvika vert å endre i samsvar med kartskisse datert 2 mars 2018. Mindre erstatningsbrygge vert å etablere ved dagens lokasjon for Ambu.

Ambulansekaier på Larsnes og Voksa vert å arbeide vidare med saman med Helseforetaket med tanke på utbetring/fornyining. Når det gjeld ambulansakaia på Voksa må det her vurderast ny plassering noko nærmare ferjekaia..

Teknisk sektor får i fullmakt å gjennomføre tiltaket og elles søke tilskot frå Helseforetaket til medfinansiering. Tiltaket vert å finansiere over avsette investeringsmidlar.

Til å skrive under møteboka saman med ordføraren vart Mathias H. Gjerde og Jon Garen valde.

Møtet slutt kl 16.35

Mathias H. Gjerde

Dag Vaagen

Jon Garen

Rett utskrift  
ØKONOMI- OG ADMINISTRASJONSAVDELINGA, 23. mai 2018

Tove Cathrine Kvamme  
Politisk sekretær